

SV ynskjer ein tillitsreform

Noreg treng både privat og offentleg sektor. Privat næringsverksemd har som mål å skape verdiar og tene pengar. Offentleg verksemd skal sikre velferd og gode kvardagar for alle. Det er forskjell på å produsere sko og å sjå til at vi alle, så langt mogleg, både kan og vil bruke dei. Det er forskjell på varer og velferdstenester!

SV har heile tida vore skeptisk til konsekvensane av New Public Management. SV stemte mot innføringa av helseføretaksmodellen i 2001. SV har alltid vore mot privatisering av velferdstenestene.

I mange år har SV argumentert for å gje tilsette meir tillit og medverknad, som vil gi betre resultat enn massiv rapportering, stoppeklokke og teljkantar.

SV seier ja til tillitsreform.